



Fjellregionsamarbeidet

Dato: 30.05.2011

Saknr:

11/715-11

Fjellregionsamarbeidet arbeider for levande og livskraftige fjellbygder.

Det er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Noreg

Vår sakshandsamar: Torunn H. Kornstad

REFERAT FRÅ RÅDSMØTE I FJELLREGIONSAMARBEIDET 2011

NORSK FJELLMUSEUM, LOM, 13. MAI

Rådsmedlemar/varamedlemar til stades på møtet:

Magne Pedersen, Buskerud fylkeskommune
Svein Borkhus, Hedmark fylkeskommune
Arnfinn Nergård, Hedmark fylkeskommune
Kjetil Lundemoen, Oppland fylkeskommune
Jenny Følling, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Lars Bjaadal, Telemark fylkeskommune
Olov Grøtting, Regionrådet for Fjellregionen
Tor Egil Buøen, Regionrådet for Hallingdal
Oddvar Grøthe, Regionrådet for Hallingdal
Bengt Fasteraune, Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal
Rune Øygard, Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal
Jørgen Lia, Hjartdal kommune
Turid Opedal, Tinn kommune
Arne Vinje, Vinje kommune

Til stades frå administrasjonane:

Kay H. Bjerke, Buskerud fylkeskommune
Sissel Kleven, Buskerud fylkeskommune
Anne Marie Sveipe, Oppland fylkeskommune
Inger Elin Hjelle, Oppland fylkeskommune
Thronnd Kjellevoid, Telemark fylkeskommune
Rune Jørgensen, Regionrådet for Fjellregionen
Knut Arne Gurigard, Regionrådet for Hallingdal
Oddmund Olesrud, Tinn kommune
Dorthe Huitfeldt, Vinje kommune
Ann Marit Holumsnes, Fjellregionsamarbeidet/Hedmark fylkeskommune
Torunn H. Kornstad, Fjellregionsamarbeidet/Hedmark fylkeskommune

Referentar:

Torunn H. Kornstad, Fjellregionsamarbeidet
Ann Marit Holumsnes, Fjellregionsamarbeidet

Leiar Svein Borkhus opna møtet, og starta med å avklare kven som var til stades frå Rådet. Elleve av dei femten medlemmane var representerte, og møtet var såleis vedtaksført i høve til § 8 i retningslinene.

1. Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjende. Det vart føyd til eit punkt "Andre uttaler og innspel" på sakslista.

2. Val av møteleiar, sekretær og to personar til å skrive under protokollen

Leiar Svein Borkhus vart vald som møteleiar.

Torunn H. Kornstad og Ann Marit Holumsnes frå sekretariatet vart valde som sekretærar for møtet.

To til å skrive under protokollen (dette vart uteglømt frå starten, men gjort før møtet vart avslutta):

Turid Opedal, Tinn kommune
Oddvar Grøthe, Regionrådet for Hallingdal

3. Årsmelding for perioden 20.03.2010 – 01.04.2011

Årsmeldinga vart lagt fram for Rådsmøtet for kommentarar.

Lars Bjaadal trakk fram at Fjellmatkonferansen i februar, der Fjellregionsamarbeidet var medarrangør, vart svært vellykka.

Rådsmøtet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

"Rådet godkjenner årsmeldinga for perioden 20.03.2010 – 01.04.2011."

4. Rekneskap 2010

Rekneskapen for 2009 vart lagt fram for Rådsmøtet med eit underskot på kr 255.904 og ein eigenkapital ved årsskiftet på kr 1.156.302.

Rekneskapen var revidert og godkjent av Hedmark fylkesrevisjon.

Ann M. Holumsnes frå sekretariatet gikk gjennom og forklarte einskilde av postane.

Rådsmøtet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

"Rådet godkjenner rekneskapen for Fjellregionsamarbeidet for 2010."

5. Handlingsplan 2011-14

Rådsmøtet 2010 ba om at det vart lagt fram ein fleirårig handlingsplan for arbeidet i Fjellregionsamarbeidet. Planforslaget vart lagt fram for Rådet med detaljert oversikt over

innsatsområda for 2011 og -12, og som ein oversiktsplan for åra vidare fram til og med 2014. Planen inneheld arbeidsområda frå det tidlegare vedtatte Fjellpolitikkdokumentet.

Planen vart lagt fram for møtet for kommentarar. Under punktet om politikktutforming vart det føyd til “-og gje innspel til ny distrikts- og regionalmelding.”

Det vart påpeika at Fjellregionsamarbeidet må bruke sekretariatet “i vid forstand” for å gjennomføre oppgåvene, og det er vesentleg at fylkeskommunane og dei andre medlemane kjenner eigarskap til organisasjonen.

Planforslaget vart så lagt fram til votering.

Rådsmøtet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Rådet godkjenner Handlingsplanen for Fjellregionsamarbeidet for 2011-14.”

6. Revidert budsjett 2011. Budsjett 2012 og økonomiplan 2013-14

Budsjettet for 2011 vart vedtatt på Rådsmøtet 2010, men eit revidert budsjett vart nå lagt fram for godkjenning. Dette skuldast at tilskotet til European Mountain Convention ikkje blir overført før i -11, at Arbeidsutvalet løyvde kr 50.000 til Euromontana på møtet i november, og at innkrevjing av kontingent hos Hedmark fylkeskommune vart glømt i 2010.

Det vart stilt spørsmål til kontingenten frå Hedmark for 2010, da denne både var ført som fordring på eigenkapitalen på rekneskapen for 2010 og som inntekt i budsjettet for 2011. Dette må rettast opp før endeleg budsjett er klart.

Dette har også verknad på eigenkapitalen for 2012 og vidare.

Arbeidsutvalet hadde i revidert budsjett for 2011 foreslått å setja av eit prosjektfond på kr 500.000. Kjetil Lundemoen, Oppland FK, fremma forslag om å redusere dette fondet til kr 250.000. Forslaget vart samrøystes vedtatt. Det vart i samband med dette poengtert at Fjellregionsamarbeidet skal bruke dette til å finansiere eigne prosjekt, og at det ikkje skal vera søknadsmottakar for andre.

Rådsmøtet gjorde følgjande vedtak:

“Rådet godkjenner det reviderte budsjettet for 2011 med følgjande endringar:

- Prosjektfondet blir redusert til kr 250.000
- Kontingent frå Hedmark for 2010 må førast riktig

Budsjettet for 2012 og økonomiplanen for 2013 og -14 blir godkjente med dei innarbeidde endringane som endringane i 2011-budsjettet gjev.”

7. Nye vedtekter for Fjellregionsamarbeidet

Forslag til nye vedtekter var sendt medlemane på høyringsrunde med frist i februar. Arbeidsutvalet handsama høyringsuttalene og sende ut revidert forslag 9. mars slik at medlemane kunne ta dei opp til politisk handsaming.

Forslaget til vedtekter var sendt ut med to forslag til ordlyd i § 9a, avsnittet som gjeld valperiode for leiar og nestleiar av styret. Rådet diskuterte fyrst om leiar og nestleiar bør veljast for to eller fire år, og kom til at det var gode argument for begge delar. Ved ei votering over spørsmålet stemte 11 rådsmedlemar for ein periode på 2 år, og tre medlemar for ein periode på 4 år. Det vart såleis eit klart fleirtal for ein valperiode på 2 år.

Rådsmøtet fatta deretter følgjande samrøystes vedtak:

”Rådsmøtet vedtar forslaget til nye vedtekter for Fjellregionsamarbeidet. Dei nye vedtektene vil tre i kraft med ein gong.

Ordlyden i § 9a blir som følgjer:

Leiar og nestleiar for styret blir valde av Rådet for ein periode på 2 år.”

8. *Orientering om European Mountain Convention, 15.–17.september 2010, Lillehammer*

Det vart lagt fram ein rapport om arrangementet sett frå Fjellregionsamarbeidet, der det var lagt mest vekt på det arrangementstekniske. Frå Euromontana låg det føre ein fagleg rapport, med samanfatting av alle innlegg, studieturar og parallellsesjonar.

Det vart også lagt fram ein førebels rekneskap, som viser eit underskot fram til Rådsmøtet på kr 343.000. Dette skuldast at tilskota frå fleire av tilskotsytarane og frå Fjellregionsamarbeidet ikkje er utbetalte/overført ennå. Dette utgjør til saman kr 1.150.000, slik at ein forventar eit overskot på ca. kr 800.000. Den viktigaste årsaka til overskotet er at det ikkje vart leigd inn prosjektleiing, slik at eigeninnsatsen er mykje større enn det som går fram av rekneskapen. Kostnadene vart også noko lågare enn budsjettet på andre postar.

Rekneskapen og den norske rapporten vart gått gjennom før det vart åpna for kommentarar.

Rådsmøtet diskuterte noko rundt kva for utbytte ein kan vente av eit så stort arrangement. Det vart sagt at interne effektar også var viktige, i tillegg til merksemda rundt ein slik konferanse, og eventuelle politiske verknader.

Rådsmøtet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Rådet tar orienteringa om European Mountain Convention til etterretning.”

9. *Uttale om bygdeutvikling rundt villreinområda*

Rådet fekk utdelt eit forslag til uttale om “Villrein og bygdeutvikling”, der problemstillingane frå programposten om dette emnet på Årskonferansen dagen før var følgde opp.

Etter ein diskusjon ga Rådet samrøystes følgjande uttale:

“VILLREIN OG BYGDEUTVIKLING

Fjellregionsamarbeidet fylgjer med stor interesse arbeidet med regionale planar i villreinområda. I oppdragsbrevet frå Miljøverndepartementet (MD) vert det lagt stor vekt på at dette planarbeidet både skal sikre leveområda til villreinen og støtte opp om

næringsutvikling i bygdene. Derfor har planen har i somme område blitt kalla "moglegheitenes plan". MD har skapt forventningar med dette todelte målet.

Fjellregionsamarbeidet konstaterer at planarbeidet er heimla i plan- og bygningslova og ikkje i naturmangfaldslova, og at planprosessane vert styrde politisk. Dette er ikkje verneplanar, men bruksplanar for rein og folk. Prosessen legg opp til at dersom det blir semje om planframlegga, så vil det vera fylkestinga som vedtek planane. Dette er nytt i norsk planarbeid. Fjellregionsamarbeidet vil streka under at dette styrkjer den lokale og regionale kjensla av eigarskap til planane. Ikkje minst er dette viktig for den rolla Fylkesmannen spelar i slike plansaker.

Villreinen er i mange fjellområde den viktigaste og mest særmerkte ressursen. Ressursar skal nyttast og forvaltast. Bygdefolket har vore flinke til dette gjennom mange hundreår. Derfor har me framleis ei utmark som det er viktig å taka vare på og nytte, vel vitande om at presset på areala har auka, og at skadane kan bli meir ubøtelege i dag enn tidlegare. Me treng overordna planar og ei klok forvaltning som òg i framtida kan tryggje hopehavet mellom folk og rein, mellom utvikling av bygdesamfunn og høg fjell.

Nettopp fordi mykje av landbruket i fjellbygdene framleis er sterkt knytt til utmarka og fjellet, ser Fjellregionsamarbeidet med uro på at forvaltninga og planverket langt på veg blir nytta til å hindre ei berekraftig næringsutvikling i villreinområda. Det treng ikkje vera slik: Med dagens kunnskap er ikkje ei varsam utnytting av areala noko trugsmål mot reinen sine levekår. Jakt og fiske til eige bruk og til utleige, og bygging, vøling og stell av driftshusvere er tvert i mot dømme på godt forvaltaransvar, og ei vidareføring av den eldgamle tilknytninga mellom folket og fjellet.

Dette føreset at også lokalsamfunna er restriktive med å taka i bruk stadig nye, store område til m.a. tung turistutbygging opp mot villreinsens leveområde, og viljuge til fullt ut å respektere prinsippa for ei moderne, kunnskapsbasert, aktiv og tilpassa forvaltning. Planprosessane må sameine det doble føremålet i oppdragsbrevet. Dette vil vera med på å redusere det eksisterande konfliktnivået mellom bruk og vern i fjellregionen, og faktisk skapa framtidstru og pågangsmot.

Fjellregionsamarbeidet oppmodar partane i prosessane til å gjera det dei kan for at dette skal bli røyndom, men understrekar at den sentrale og regionale staten har eit særleg ansvar for at planane skal sikre både villreinen og næringsutviklinga i fjellbygdene."

10. Andre uttaler og innspel

Med bakgrunn i tema på Årskonferansen var det lagt fram forslag til vedtak og uttaler om to forskjellige emne.

a) I høve til diskusjonen om reiselivet i fjellområda fatta Rådet følgjande vedtak:

"Rådsmøtet i Fjellregionsamarbeidet ber styret om å arbeide for en offensiv politikk for reiselivet i fjellområdene gjennom arbeidet med den varslede reiselivsmeldingen, samt å være en pådriver for et mer helhetlig og koordinert reiselivsarbeid i fjellområdene."

b) I høve til diskusjonen om naturbruksutdanninga i fjellregionane fatta Rådet følgjande vedtak:

“Rådsmøtet bed styret om å arbeide for ei styrka naturbruksutdanning i fjellregionane, med sikte på ei heilskapleg løysing.”

Hemsedal, 9/6 2011
(stad) (dato)
Oddvar Børst

Rjukan, 14/6-2011
(stad) (dato)
Ivar Opdal